



Lillian Vikebø  
Stekkevikvegen 29  
5917 ROSSLAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2994 - 14/10264

Saksbehandlar:  
Bjarte Buanes  
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:  
26.06.2014

## Svar på førespurnad om søknadsplikt ved utskifting av vindauge på gbnr 45/24 i Meland kommune

Det vert vist til vår telefonsamtale av d.d.

Av nemnde samtale gjekk det fram du ynskjer å erstatte fire eksisterande vindauge i dykkar bustad i Stekkevikvegen 29 på Vikebø. I den samanheng opplyste du at det ikkje er tale om å utvide eller lage nye høl i fasadelivet, men at rammene til dei nye vindauga får same mål som dagens. Utskiftinga innebér likevel at kvar av dagens fire vindauge, med heilt glas på om lag 2,5m x 1,5,m vert erstatta av fire vindauge med vertikal sprosse.

Fasadeendringar er i utgangspunktet tiltak som må omsøkjast, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) § 20-1 første ledd, bokstav c. Slike tiltak er likevel unntatt frå søknadsplikt dersom fasadeendinga «*ikke fører til at bygningens karakter endres*», jf. pbl. § 20-3 andre ledd, bokstav e. Dette unntaket omfattar m.a. utskifting av dører og vindauge som ikkje gjer det naudsynt med nye eller større høl i fasadelivet.

På bakgrunn av opplysningane i vår telefonsamtale legg kommuneadministrasjonen til grunn at det planlagde tiltaket – utskifting av fire vindauge med nye vindauge av same storleik – ikkje er avhengig av søknad eller kommunal godkjenning, jf. pbl. § 20-3.

Dette til orientering.

Med helsing

Bjarte Buanes  
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

**Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

